



Gil Edwards var i storslag i Dønhaugkjedlaren. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Eit fyrverkeri av ein trubadur frå Oregon i USA, Gil Edwards (54), fekk opp stemninga blant båtfolk og innfødte i Dønhaugkjedlaren torsdag kveld. Dei 60 som kom fekk ei stor oppleving.**

Som då han var her i fjor haust imponerte Gil både med eit stort repertoar, fengande song med nerve og eit

gitarspel prega av ein slik presisjon at det nesten var umenneskeleg! Han kjem att til til låvedans på Dønhaug 14. juli og då har han med seg band, saman med kanadiaren Pat Savage. Men aller først kjem legenden Helge Nilsen – på sjølvaste påskeafta!

No er det 23 år sidan Gil (busett i Ålesund) gjorde det motsette av det som er vanleg: Han sette kursen mot Noreg med gitaren og nokre få personlege eigendelar. Etter ei tøff tid i Oslo vart oppdraga fleire og fleire og på byrjinga av 1980-talet var han på turne over heile landet i bandet til Marius Müller. Seinare har det gått slag i slag med rundt 200 konsertar i året og utgjeving av mykje eige materiale.

Gil opptre i ein sjangar som kallast Alternativ Country, der musikken er meir rocka og tyngre enn ordinær country. Denne stilen har fått stadig fleire tilhengjarar i USA, ikkje minst på grunn av artistar som Steve Earle og Son Volt. Men framfor alt er han ein svært allsidig songar, som i Dønhaugkjedlaren fekk mange til å nynna med i hits frå fleire tiår.

Det var ikkje minst "båt- og bubilfolk" frå Bergensområdet som møtte fram og klappa for Gil torsdagskvelden. Ein gjeng som er trufast mot Uskedalen i påsken var hjarteleg tilstades og ein av dei kom med denne utsegna som bør nyttast i marknadsføringa: - Vi kjem heller til Uskedalen enn til Husnes, for her er sjølve hamna minst like god og så kan vi gjera så mangt i tillegg med omsyn til aktivitetar! Med aktivitetar tenkte vedkommande ikkje minst på sykkel- og fjellturar.

Men det er samstundes ein tankevekkar at mange ikkje er klare over kor stutt veg det er til eit skisenter. Fleire av dei frå Bergensområdet som var i Dønhaugkjedlaren hadde ikkje høyrte om Fjellhaugen! Her står det att ein god del med omsyn til marknadsføring.....

Av Ola Matti Mathisen



Båtfolk frå Bergen og Askøy gjorde seg sterkt gjeldande i Dønhaugkjedlaren skjærtorsdag kveld. Frå venstre sit Tove Solberg frå Askøy, Alison Gaustad frå Bergen, Anne-Grete Gaustad frå Bergen og Olav Solberg frå Askøy. (Foto: Ola Matti Mathisen).